

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Utval for samfunnsutvikling (UFS)	01.12.2020	068/20

Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjortevilt i Øygarden kommune

Samandrag:

I henhold til Forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskrifta) §§ 5 og 6 skal kommunen fastsette forskrift for opning av jakt og minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyver for hjortevilt. I samband med kommunesamanslåinga må lokale forskrifter for tidlegare Fjell, Sund og Øygarden opphevast og det må vedtas ei ny forskrift gjeldande for heile Øygarden kommune. Per i dag er viltforvaltninga og tildelinga av fellingsløyver styrt av 3 ulike lokale forskrifter. Det er eit mål på nasjonalt nivå at viltforvaltninga skal vere tilpassa lokale forhold, men den skal òg som eit utgangspunkt vere lik for heile kommunen.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Forskrift om forvaltning av hjort

Innstilling til vedtak:

Utval for samfunnsutvikling legg ut på høyring framlegg til *Forskrift om åpning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjortevilt i Øygarden kommune*, jf. Forvaltingslova § 37 og hjorteviltforskrifta §§ 5 og 6. Høyringsfristen vert sett til 4 veker.

Saksopplysningar:

Rettsleg grunnlag

- Forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskrifta) §§ 5 og 6.
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) §§ 8 – 12.
- Forskrift om forvaltning av hjort – fastsetjing av minsteareal, Fjell kommune, Hordaland (FOR-2008-04-24-425).
- Forskrift om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Sveio, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Samnanger, Sund, Modalen, Meland, Austrheim og Masfjorden kommunar,

- Hordaland (FOR-2001-06-13-648).
- Forskrift om forvaltning av hjort, fastsetting av minsteareal, Øygarden kommune, Hordaland (FOR-2009-06-25-1051).

Bakgrunn for saka

I samband med kommunesamanslåinga må kommunale forskrifter samordnast og tilpassast ny kommune. Hjorteviltforskrifta § 5 slår fast at kommunen skal fastsetje forskrift om opning av jakt på hjort i kommunen, det følgjer vidare av andre ledd at «*ved avgjørelse om åpning av jakt skal det legges vekt på artens bestandsutvikling i området og en samfunnsmessig helhetsvurdering i samsvar med § 1*». Dette inneber at dersom det skal vere jakt på hjortevilt i dagens Øygarden kommune, må dette fastsetjast i forskrift. I vurderinga av om det skal vere jakt på hjortevilt må ein ta omsyn til om arten produserer eit haustingsverdig overskot, herunder ligg det eit vilkår om at det er eit overskot basert på «best tilgjengeleg dokumentasjon» og haustinga skal vere berekraftig på lang og kort sikt, jf. § 16 i naturmangfoldlova. Det skal i tillegg leggjast vekt på kva verknad haustinga har på det biologiske mangfaldet for øvrig. Før fastsetjing av forskrift skal kommunen vurdere kva tid det først vart registrert dyr i kommunen, kor stor bestanden anslås til å vere i dag, om bestanden er avgrensa til ein del av kommunen, livsgrunnlaget til arten i kommunen, bestandsutvikling i regionen og kommunen sine mål for utviklinga av hjortebestanden.

I hjorteviltforskrifta § 6 kjem det fram følgjande: «*Kommunen fastsetter minsteareal for elg, hjort og/eller rådyr i forskrift. Det kan fatsettes ulikt minsteareal for ulike arter og for ulike deler av en kommune*». Fastsetjing av minsteareal vil vere det viktigaste virkemiddelet i reguleringa av bestandsstorleiken. Minstearealet bør samordnast med dei øvrige virkemidlane for å nå kommunen sine mål i hjorteviltforvaltninga. Hovudregelen er eitt minsteareal per kommune for kvar art, men det kan fastsetjast ulike minsteareal i ulike deler av kommunen dersom det er vesentlege forskjellar på beitegrunnlaget, bestandstettleiken eller skadepress. I tilfeller der ein går for ulikt minsteareal bør grensene følgje klare skillelinjer i terrenget, til dømes større vassdrag. Det er naturleg at høgproduktive areal som gir mykje godt beite får eit lågare minsteareal enn områder med store uproduktive arealer. Jaktrettshavare, jordbrukare, jegare og andre som har rettsleg interesse i arten kan fremje forslag ovanfor kommunen om endring av minstearealet. Dette skal gjerast innan 15.januar i det aktuelle jaktåret. Før kommunen fastsetjer endring i minstearealet skal kommunen vurdere følgjande:

- Bestandsutvikling i høve dei kommunale måla.
- Bestanden sin storleik og samansetjing.
- Beitegrunnlag og artens livsvilkår elles, herunder sesongtrekk.
- Eventuelle konfliktar i høve jord-, hage- og skogbruk.
- Viltpåkjørsler langs veg og anna irregulær avgang.
- Andre moglege konfliktpunkt, til dømes naturmangfald.

Dagens situasjon

Dei samanslattede kommunane Fjell, Sund og Øygarden hadde kvar si forskrift som regulerte minstearealet for jakt på hjortevilt. Det har òg vore store forskjellar i korleis hjortevalda i dei aktuelle kommunane har organisert seg.

Fjell:

Minstearealet er differensiert i 3 geografiske områder; Fjell midtre og Fjell søre har 500 dekar, Nordvik, Bilddøy/Kolltveit, Nordre Ekerhovd, Signalen, Bokkhøla, Søre Kobbeleia, Ørnefjedlet, Kallestad sør/vest og Trengereid/Kallestad har 1000 dekar. For vald på Skålevik, søre Littlesotra, Foldnes, Våge og Nordre Fjell er det eit minsteareal på 2000 dekar. Minstearealet i tidlegare Fjell kommune er regulert av Forskrift om forvaltning av hjort – fastsetjing av minsteareal, Fjell kommune,

Hordaland (FOR-2008-04-24-425). Det er totalt 4 hjortevald i det geografiske området som utgjorde Fjell kommune; Ørnafjedlet, Nordre Fjell, Liatånet storvald og Storbukkane Hjortevald. Liatånet og Storbukkane hjortevald utarbeider eigne bestandsplanar, medan Ørnafjedlet og Nordre Fjell samarbeider i eit bestandsplanområde.

Sund:

I tidlegare Sund kommune var minstearealet satt til 1000 dekar, dette er fastsatt i Forskrift om jakt etter hjortevilt (elg, hjort og rådyr), Sveio, Jondal, Ullensvang, Eidfjord, Granvin, Samnanger, Sund, Modalen, Meland, Austrheim og Masfjorden kommunar, Hordaland (FOR-2001-06-13-648). Sidan 2008 gjekk alle hjortevalda i kommunen saman og danna 1 storvald; Sund hjortevald, som er delt opp i fleire jaktfelt. Hjortevaldet utarbeider eigen bestandsplan og har hatt ein høg avskytingsprosent på dei tildelte dyra.

Øygarden:

I tidlegare Øygarden kommune har minstearealet vore todelt innad i kommunen; 600 dekar for valdet Skjold/Hatten og 800 dekar for dei resterande valda. Minstearealet var fastsatt i Forskrift om forvaltning av hjort, fastsetting av minsteareal, Øygarden kommune, Hordaland (FOR-2009-06-25-1051). Det er totalt 13 hjortevald der ingen av valda har eigen bestandsplan eller inngår i eit bestandsplanområde. Samtlige vald får årleg tildelt fellingsløyver i kategoriene kalv $\frac{1}{2}$ år, vaksne hodyr $1\frac{1}{2}$ år og eldre, spissbukk (bukk med ugreina gevir) og vaksne hanndyr $1\frac{1}{2}$ år og eldre. For valda Skjold/Hatten og Breivik/Oen har 50 %-regelen vore brukt dei siste åra, jf. Hjorteviltforskrifta § 7.

Involvering av hjortevalda og jaktrettshavare

I sak 20/7447, den 07.05.2020, vart det sendt ut brev til alle hjortevalda i kommunen der det vart informert om at den lokale viltforvaltninga jobba med ulike styringsdokument, herunder fastsetjing av minsteareal. Valda vart oppmoda om å sende inn informasjon om deira oppleving av viltforvaltninga og hjortebestanden, herunder:

- Kart som viser jaktområda til det einskilde valdet.
- Oversikt over alle eigedomane som inngår i valda.
- Områder som er råka av skadepress.
- Informasjon frå vårteljing der det er gjennomført.
- Innspel til storleik på minsteareal.
- Innspel til forvaltningsmål.
- Tankar om å inngå i eit bestandsplanområde.

Fleire av hjortevalda, i tillegg til Sotra og Øygarden Bondelag, har sendt inn etterspurt informasjon til kommunen. Ein del av valda har kome med fråsegn vedrørande korleis ein opplever hjortebestanden og kva minstearealet bør setjast til.

Vurdering:

Minsteareal vert benytta av kommunen for å regulere antal fellingsløyver for elg, hjort og rådyr.

Begrepet minsteareal har to rettsvirkningar:

1. Storleiken på det teljande arealet som normalt skal ligge til grunn for kvart fellingsløyve som jaktrettshavaren har krav på.
2. Arealstorleiken på det minste samanhengjande området som offentleg mynde kan godkjenne som eit vald.

Eit vald er det geografiske området som er offentleg godkjent for jakt på ein eller fleire artar, og som får tildelt fellingsløyver frå kommunen.

For at kommunen skal kunne tildele eit vald eit fellingsløyve av ein bestemt art, må det aktuelle valdet ha eit teljande areal som minimum tilsvrar minstearealet for denne arten. Kva som er rekna for teljande areal er definert i hjorteviltforskrifta § 8: «*For elg, hjort og rådyr skal kommunen som hovedregel regne skogareal og myr under skoggrensa som tellende areal. Med skogareal menes både produktiv og uproduktiv skog, og både lauvskog og barskog. Kommunen kan godkjenne andre arealtyper som tellende areal der disse er av stor betydning for vedkommende art*». Tilsaman i Øygarden kommune er det 207 721 dekar som er rekna som teljande areal. Dette fordeler seg slik: Sund 82 943 dekar, Fjell 89 670 dekar og «gamle» Øygarden 35 108 dekar.

Minstearealet skal fortrinnsvis fastsetjast likt for heile kommunen. Det kan fastsetjast ulikt minsteareal i ulike deler av ein kommune dersom det er vesentlege forskjellar på beitegrunnlag, bestandstettleik eller skadepress. I tilfellar der ein fastsetjer ulikt minsteareal, bør grensene følgje klare skillelinjer i terrenget, til dømes større vassdrag.

Fastsetjing av minsteareal er det viktigaste verkemiddelet i reguleringa av bestandstorleiken. Minstearealet bør òg samordnast med dei andre verkemidla for å nå kommunen sine mål i hjorteviltforvaltninga. Dei andre verkemidla kan vere fråvik av minsteareal, jf. § 7 i hjorteviltforskrifta og bestandsplanlegging, jf. § 15.

Det kjem fram av veiledaren, jf. M-478, til hjorteviltforskrifta § 6 at før endring av minstearealet skal kommunen vurdere bestandsutviklinga i høve dei kommunale måla, bestanden sin storlek og samansetjing, beitegrunnlaget og artens livsvilkår elles, herunder sesongtrekk, eventuelle konfliktar i høve til jord-, hage- og skogbruk, viltpåkjørslar langs veg og jernbane samt anna irregulær avgang og andre moglege konfliktpunkt, til dømes naturmangfald.

Bestandsutviklinga

Vekstraten til hjortevilt i fråvær av jakt vil variere med tilgongen på mat. Dersom det er høg tilgong til næringsrik mat vil hjorten kunne vekse raskt i eit område, bli tidleg kjønnsmoden, produsere kalvar tidleg i livet og ha ein høg naturleg overlevingsrate. Det motsatte vil skje i eit område med låg tilgong på næringsrik mat. Vekst i hjortebestanden vil difor kunne synke når det er aukande konkurransen om den næringsrike maten i eit område. I områder med lite tilgong til mat på vinterstid, vil den naturlege dødsraten vere aukande med aukande bestandstettleik. Bestandstettleiken kan òg begrensast som følgje av låg tilgong til næringsrik mat om sommaren som då vil føre til lågare vekt, som resulterer i at kollene når kjønnsmoden alder seinare.

Sidan organisert jakt på hjortevilt vart innført i kommunen på 1960-talet har hjortebestanden vore jamt stigande fram til 2015 der det ser ut til at det på heile Vestlandet har vore ei stagnering i veksten. Dette har vore ei ønskja utvikling då bestanden fleire stader har vore for stor i høve skadepress. Kommunen har ikkje hatt eigne teljingar på dyr og legg difor til grunn det som vert rapportert i hjorteviltregisteret og det som dei ulike valda har meldt inn.

Sund hjortevald har utført årlege teljingar, dei melder om ei stabil hjortestamme og har sendt følgjande inn til kommunen:

År	2017	2018	2019	2020
Tal sett hjort	110	129	72	117
Tal felte dyr	56	73	61	

Hjortevalda i tidlegare Fjell kommune har i stor grad gjennomført teljingar. Det vert meldt om ei auke i dyr på vestsida etter at vegetasjonen no tek seg opp igjen etter at den har vore låg i fleire år grunna brannen som var der. I området Fjell gard, deler av Ulveseth og deler av Tellnes vert det meldt om stor tettheit av dyr. I tidlegare Øygarden kommune har ingen av hjortevalda utført organiserte teljingar, og ein har difor ikkje eksakte tal på bestandsutviklinga som ein kan leggje til grunn. Det er

meldt om ei stor og stabil stamme heilt nord i kommunen (Hjelme/Sæle) der Hjelme har vore ein plass kor store bukkar overvinstrar. I området rundt Breivik vert det meldt om ei aukande hjortebestand. Valda i dette området har ikkje utført teljingar.

Kommunedirektøren si vurdering ut i frå dei registreringane som er gjort, samt dei tilbakemeldingane ein har fått, er at hjortestammen i kommunen i all hovudsak er stabil. Den vert opplevd som for stor enkelte plassar, mellom anna på bakgrunn av skadepress, men det er truleg at endringar i jaktorganiseringa vil kunne bøte på dette. Dei fleste valda melder om stabile stammar.

Bestanden sin storleik og samansetjing

På Vestlandet er det ei relativt jamn fordeling på hanndyr og hodyr i alderspennet frå 0-7 år. For eldre dyr er det ei markant aukning av eldre hodyr der det ser ut til at andelen eldre hodyr er dobbelt så stor som eldre hanndyr, jf. registreringar gjort i hjorteviltregisteret. Det er ingen tilsvarande registreringar for Øygarden kommune. Hjortevalda melder om at det er ein aukande andel av koller i bestanden og at det er færre eldre bukkar.

Det vil vere viktig i viltforvaltninga framover at ein har fokus på dette både når ein tildeler fellingsløyvene og godkjenner bestandsplanar. Avskytinga bør vere om lag 50/50 fordelt på hann- og hodyr. Ved fravær av jakt vil ein sjå ein slik fordeling i kjønnskategoriane hjå hjorteviltet. Om ein går inn for at bestanden skal reduserast vil det vere vel så viktig at det vert skote fleire ungdyr og at ein tek ut dyr som ikkje er etablert i stamma, på denne måten vil ein unngå vekst i bestanden.

Beitegrunnlag og artens livsvilkår elles

Beitegrunnlaget seier noko om kor stor hjortestammen kan vere. Skader knytta til dyrka jord er i første rekke dei største problemane dersom beitegrunnlaget er for lågt. Skogareal og myr under skoggrensa er dei arealtypane som er rekna som teljande areal, det vil sei areal som vert lagt til grunn ved tildeling av fellingsløyver. Andre arealer, primært LNF-arealet, vil kunne reknast som teljande areal dersom ein stor del av dyra oppheldt seg der, til dømes innmarksareal. I Øygarden kommune er det store utmarksområder, i kombinasjon med skog og innmark, som er aktuelle areal for hjorten.

Slaktevekten på dyra seier noko om beitegrunnlaget og livsvilkåret. Ser ein på statistikken for Vestland ser ein at slaktevekta har vore stabil dei siste åra. I 2016 var gjennomsnittleg slaktevekt for ein hannkalv 25,64 kg (gjennomsnitt av 1417 dyr) og i 2019 var gjennomsnittsvekta 25,81 kg (gjennomsnitt av 2133 dyr).

Jaktår	Hannkalv	Hokalv	Bukk 1 ½ år	Kolle 1 ½ år	Bukk 2 ½ år og eldre	Kolle 2 ½ år og eldre
2016	25,64 kg	24,49 kg	47,56 kg	43,22 kg	76,90 kg	55,66 kg
2017	26,00 kg	24,67 kg	47,56 kg	42,95 kg	77,23 kg	55,43 kg
2018	25,16 kg	23,48 kg	46,18 kg	41,80 kg	76,66 kg	55,23 kg
2019	25,81kg	24,09 kg	47,14 kg	42,34 kg	78,92 kg	55,88 kg

Tabellen viser gjennomsnittleg slaktevekt frå 2016 til 2019 for Vestland, tala er henta frå hjorteviltregisteret.

For Øygarden kommune ser tala ut slik:

Jaktår	Hannkalv	Hokalv	Bukk 1 ½ år	Kolle 1 ½ år	Bukk 2 ½ år og eldre	Kolle 2 ½ år og eldre
2016	21,75 kg	24,55 kg	47,46 kg	44,50 kg	74,52 kg	51,70 kg

2017	27,00 kg	24,29 kg	48,86 kg	42,83 kg	74,18 kg	56,06 kg
2018	25,67 kg	21,80 kg	46,07 kg	42,20 kg	71,94 kg	52,43 kg
2019	27,33 kg	26,00 kg	45,64 kg	44,17 kg	65,57 kg	51,83 kg

Tabellen viser gjennomsnittleg slaktevekt frå 2016 til 2019 for Øygarden, tala er henta frå hjorteviltregisteret.

Samanlikner ein tala ser ein at det er noko variasjon i kvar kategori, men at jamt over er tala stabile og på linje med det som er gjennomsnittet for Vestland. I kystnære strøk er det naturleg med litt lågare slaktevekt då beitetilgongen ikkje er like god som i indre strøk.

Konfliktar i høve til jord- hage- og skogbruk

Jamt over vert det ikkje meldt om mykje skadepress i kommunen. Dei valda som utarbeidar bestandsplanar og sjølv deler ut fellingsløyvene til jaktfelta, konsentrerer jakta til områder der det har vore beiteskadar og andre konfliktar.

Nokre av valda melder om skadepress i høve landbruksinteressene, dette dreier seg i all hovudsak om områder nord i kommunen. I desse områda er det mindre hjortevald og ein har ikkje den same organiseringa av jakta som det er i dei områdene med større vald og bestandsplanar. Ein har difor ikkje den same moglegheita til å ta ut fleire dyr i områder med skadepress.

Viltpåkjørslar langs veg

I forvaltninga av hjortevilt er trafikksikkerheit eit særskilt omsyn ein må ta. Hjorten utgjer ein potensielt stor trafikkrisiko når den krysser eller oppheld seg på veg. Viltpåkjørslar kostar samfunnet mykje ressursar og utgjer ein stor risiko for liv og helse. Ved dagens bestandstettleik utgjer antal drepte hjort i trafikken 2,5 % av jaktuttaket i Noreg. I områder med mykje trafikk vil antalet vere høgare. I desse områda kan trafikkulykker ha ein vesentleg effekt på hjortens bestandsutvikling. Antal viltpåkjørslar er ofte proporsjonalt med antal hjort i eit område, difor vil forvaltningas val av avskytning ha stor innverknad for antal viltpåkjørslar.

I 2018 var det registrert 19 hjortepåkjørslar i kommunen, i 2019 var talet 23 hjorteviltpåkjørslar, medan det hittil i 2020 er det registrert 17 hjorteviltpåkjørslar. I Vestland fylke er det hittil i år vore 702 hjortepåkjørslar, medan det for 2019 var 784 hjortepåkjørslar i Vestland. Ut i frå tala ser antal påkjørslar ut til å vere stabilt.

Framlegg til minsteareal for Øygarden kommune – kommunedirektøren sine vurderingar

I samband med høyring av «Kommunale mål og planstrategi» i viltforvaltninga, sak 20/14211, og i samband med dialog med hjortevalda i sak 20/7447, har kommunen fått inn ein del forslag til kva minstearealet bør setjast til. Dei valda som har uttalt seg har foreslått følgjande:

- 1000 dekar er foreslått av Liatåret storvald (Liaskjæret, Li, Sære Ekerhovd, Nordre Ekerhovd, Bildøy, Kolltveit, Litlesota og Bjørøy).
- 1000 dekar er foreslått av Sund hjortevald (dekker heile gamle Sund).
- 800 dekar er foreslått av Storbukkane hjortevald (dekker mellom anna Fjell gard, Ulveseth, Tellnes og Dala).
- 800 dekar er foreslått av dei fleste av valda i tidlegare Øygarden kommune.
- 300 dekar er foreslått av Breivik og Oen hjortevald.
- Det er foreslått eit differensiert minsteareal av Sotra og Øygarden Bondelag der minstearealet vert sett til 300 dekar i dei mest attraktive områda for hjorten.

Kommunedirektøren meiner det vil vere mest hensiktsmessig at ein ikkje har eit geografisk

differensiert minsteareal i kommunen då det er den same hjortestammen som bevegar seg i store delar av kommunen. Dersom ein skal ha lågare minsteareal for områder med skadepress må desse områda kartleggjast betre enn kva dei er per i dag, det må i tillegg kunne dokumenterast at det er beiteskadar forårsaka av hjorten. Eit likt minsteareal vil vere meir forutsigbart og rettferdig for jaktrettshavarane. Kommunedirektøren har forståing for at det er ulik oppfatning kring den hjortestammen som er i kommunen, og at skadepresset vert opplevd ulikt for aktive bønder kontra andre jaktrettshavarar. Betre planlegging og utarbeiding av bestandsplanar vil gje valda moglegheit til å rette jakttrykket til dei områda med skadepress. Ein vil òg kunne bøte på beiteskadar ved at ein har ei betre kjønnsfordeling av dyra. Det vert på generell basis tatt ut for mange bukkar og få koller, noko som fører til at strukturen i stamma vert endra. Når det vert skutt ein for stor andel bukk, vil andelen koller i bestanden auke og dyra vil spreie seg over større områder. Ein naturleg hjortebestand som ikkje vert jakta på har ein høg andel hanndyr med ein høg snittalder. Uttaket av bukk og koller bør vere om lag halvt om halvt, og ein bør ha hovudfokus på kalv og ungdyr, før ein deretter har fokus på gamle bukkar og koller. Bukkane etablerer seg ikkje fast i eit område før etter nokre år og treng god tid på å bli godt vaksne (om lag 10 år). Skal ein hindre auke i bestanden og samtidig ha ein god og sunn bestand, bør bestanden bestå av eldre dyr. I ein langsiktig forvaltning vil dette vere viktigare enn eit lågt minsteareal.

Det tar fleire år før ein ser resultata av forvaltninga ein har lagt opp til, dette då hjorten tilpassar seg store endringar i sine leveområder. Dersom ein set minstearealet til 300 dekar vil ein få ein vesentleg reduksjon i hjortebestanden, der viltforvaltninga vil bere preg av nedskyting av stammen. Viltet og viltets leveområde skal òg forvaltas og ha sin plass i naturmangfoldet. Dette vil igjen kunne føre til at det ikkje vil vere eit haustingsverdig overskot av hjortevilt, og at ein då ikkje kan ha opning for jakt.

På bakgrunn av det som har vore minsteareal i dei 3 kommunane tidlegare, det som valda har meldt inn og sett i lys av kva som er minsteareal i resten av landet, meiner kommunedirektøren at minstearealet bør setjast til 1000 dekar. Det føreligg ikkje dokumentasjon på at hjortebestanden er for stor, dei områda som hevdar bestanden er for stor har ikkje utført organiserte teljingar eller dokumentert beiteskadar, og kommunedirektøren kan difor ikkje legge desse påstandane til grunn. Om ein ved ei seinare anledning skal setje minstearealet lågare må det ligge føre dokumentasjon som tilseier at dette både er naudsynt og biologisk forsvarleg. Valda som opplever skadepress må sjølv ta ansvar for å organisere vårteljing, dokumentere skader, dokumentere slaktevekter (både med registrering av slaktevekt i hjorteviltregisteret og eventuelt bilet av felte dyr). Ved å nytte § 7 i hjorteviltforskrifta kan ein tildele fleire dyr til dei valda som er råka av beiteskadar, det same gjeld ved godkjenning av bestandsplanar der ein kan få tildelt fleire dyr dersom det er registrert fleire dyr og beiteskadar.

Kommunedirektøren rår til at framlegg om at *Forskrift om opning av jakt og fastsetjing av minsteareal for hjortevilt i Øygarden kommune* vert lagt ut på offentleg høyring i 4 veker.

Behandling i Utval for samfunnsutvikling (UFS) 01.12.2020:

Votering:

Kommunedirektøren si innstilling vart samråystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Einar Hadler Jakobsen (FNB).

Vedtak i Utval for samfunnsutvikling (UFS) - 01.12.2020 - 068/20

Utval for samfunnsutvikling legg ut på høyring framlegg til *Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjortevilt i Øygarden kommune*, jf. Forvaltingslova § 37 og hjorteviltforskrifta §§ 5

og 6. Høyringsfristen vert sett til 4 veker.